

Til:

Anette Håland
Ann Kristin Hebnes
Eirik Sandanger
Elisabeth Berge
Merete Hodne
Turid Siqveland

Dykkar ref.

Vår ref.
17/4400 MRIMArkivkode
035 A20Dato
07.02.2017**Varhaug ungdomsskule - Referat frå møte 1. februar**

Dato: 1. februar

Tid: 18.00

Stad: lærarrom på skulen

Desse møtte: Stig G. Normann, Elisabeth Berge, Turid Siqveland, Merete Hodne, Eirik Sandanger, Ann Kristin Hebnes og Anette Håland

Saker:

01/17 Diverse informasjon frå rektor.

Til hausten kjem det eit lite kull opp på skulen, sidan mange av elevane skal gå på Tryggheim.

Nyheit! Det har kome ein eigen mobbknapp på heimesida.

Mobbepleanen vår gjeld saman med mobbepleanen til Jærskulen. www.tryggskule.no

Uteområdet har framdrift. Resten blir gjort i vinter- eller påskeferien. Det er Hå kommune som har dette prosjektet. Vaktmeister ordnar slik det blir gjort noko med innkjøringa.

Statistisk Sentralbyrå har kome med tilbakemelding frå deira undersøking. Det forventast at Varhaug Ungdomsskule skulle ligge på ein samla karakter på 3,2. Det gjer vi. Det blir teke utgangspunkt i dei nasjonale prøvane i rekning, lesing og engelsk. Dette året ligg vi godt over landsgjennomsnittet i lesing.

02/17 Elevundersøkinga 2016.

Rektor viser og forklarar resultatane på skjermen. Han er nøgd med resultatane. Han viser og samanliknar resultatet frå 10 trinn på Varhaug og gjennomsnittet frå Hå, Rogaland og landet. Relasjonen lærer- elev er positiv. Til tider betre enn gjennomsnittet. Rektor har gått gjennom resultatane med lærarane. Skulen ligg generelt nokså likt som resten av landet. Men er nokre små forskjellar på fleire av punkta. Disse positive forskjellane tek dei med seg. Dei negative forskjellane skal skulen ta tak i.

8 trinnet svarer positivt, helst over alt. I 9 trinn viser det at det er litt meir mobbing av enkelte elever. Men læringsmiljøet er ok og rolig. Dette er rektor klar over.

03/17 Ordensreglement.

Det blir eit fellesmøte med lærarane, FAU, rektor og elevrådsrep. 22 februar kl. 18.00 – 21.30. Da skal det gås gjennom ordensreglementet til skulen. I forkant av møtet, skal alle lese gjennom reglementet og lage forslag til endring. Slik får vi synspunkt på reglementet frå forskjellige ståsted. FAU skal samlast 15. februar kl. 18.00, på ungdomskulen, og snakke saman om reglementet.

04/17 Eventuelt.

Konto: FAU har ein konto med 4264 kr. Leiar, står no som ansvarleg. Vi må finne ei løysing på kva me skal gjera med denne kontoen i framtida.

10 klasse fest: Blir 21 juni. Den er under planlegging. Lokalet er bestilt.

8 Trinn

Helsesøster: Når er hu på skulen? Elevane savner informasjon om når dei kan nå henne.

Mobilhotell: Elevane ønsker å ha dette i alle undervisningsrom.

Foreldrene ønsker å ha perioder med mobilfri sone på skulen.

8 trinn går for leirskule til neste skuleår.

Vi har fått ei VISMA uttalelse fra Hå kommune om at det er ingen digitale arkiv her. All informasjon blir printet ut på papir og lagra i arkivmapper.

Referent
Anette Håland

Med helsing
Hå kommune

Marianne Rimestad
sekretær

Kopi til:
Anette Sletten
Britt Synnøve Auestad
Irene Hobbertad
Kristin Søyland
Marit Stokkeland
Stig Gunder Normann

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur